Samhandlingsreforma først i kommunestyret

16.11.2011

Den statlege samhandlingsreforma, som skal innførast over heile landet frå nyttår, står på saklista til det nye kommunestyret torsdag.
Styrkjing av legetenestene i sjukeheimane, samt oppretting av ei ny stilling som fysioterapeut, er dei to første konkrete tiltaka her i Kvinnherad.

Når det nye kommunestyret i Kvinnherad kjem saman til sitt andre møte i denne perioden, vil den statlege samhandlingsreforma vera ei av sakene. Ei løyving på 847.000 kroner til to stilllingar er det første konkrete tiltaket kommunen set i verk.

Frå rådmannen ligg det føre innstilling til kommunestyret om å løyva pengar til styrking av legetenestene ved sjukeheimane, samt å oppretta ei ny stilling som fastløna fysioterapeut.

Samhandlingsreforma fører til at kommunane får eit auka ansvar for tenesteyting og utgifter til helsetenester.
I verksemd for helse og rehabilitering i Kvinnherad gjeld dette legetenestene i sjukeheimane, samt fysioterapitenestene.

Av Kristian Hus
HusnesNett